

Alver kommune -tenestekområde kultur

post@alver.kommune.no

Alversund 19.februar 2023.

Vern av det gamle bustadhuset på bnr.25? på Alver – kulturplan.

Viser til artikkel av Oddbjørn Rosnes i Nordhordland lørdag 18. februar 2023 om sal av det gamle bustadhuset i Myre på Alver. Viser dessutan til mitt innspel til program for kultur m.m av 18. februar 2022 som vert sendt direkte kopi til Bente Hervik.

Har ikkje registrert kva som har skjedd med innspelet i saka med utarbeiding av planprogram og plan. Men meiner framleis at Alver kommune no har ein eineståande sjanse til å starta oppbygging av eit sentralt museum av bygningar som representerer dei eldste bygningane kommune har å visa fram:

Gamlestova på Nedre Tveiten er tatt vare på gjennom 4-500 år, **lemstova frå Myre på Alver** er truleg godt gamal, **løa på same bruk** har kanskje same alder som Gamlastova på Tveiten og må takast vare på som eit godt døme på gamal byggjemåte for slike bygg.

Desse bygga hadde vore ein fin start på å byggja opp eit rekkjetun som ligna på det gamle rekkjetunet som Gamlestova var ein del av. Ein tunskipnad som ein fann på dei dei fleste gardane her til ut på 1800-talet.

Bed om at kulturavdelinga snarast vurderer om ikkje sal av gardshuset frå Myre kan utsetjast til det er kome avklaring for berging av desse verneverdige bygga.

Det er ynskjeleg å få presentert desse ideane i terrenget og bed om ei synfaring på Tveiten med det første.

Med Helsing

Kåre Jordal